



Jobbnorge-ID: 76670
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Kombinert stilling (100 %) i kirurgi. 20 % mellombels ved IKF og 80 % fast ved Helse Bergen

Stillinga i gastroenterologisk kirurgi er ei kombinert stilling (100 %) der 20 % av stillinga er mellombels førsteamanuensis inntil tre (3) år ved Institutt for kirurgiske fag og 80 % av stillinga er fast overlege ved Avdeling for gastro- og akutt kirurgi, Kirurgisk klinikk, Haukeland universitetssjukehus (stilling nr: nr 6756/NR ID 12108). Søkjarar må søke begge stillingane.

Ein stillingsomtale med nærmare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, kan ein finne lenger nede på denne sida.

Utfyllande opplysingar om stillinga kan ein få ved å vende seg til fungerande instituttleiar professor Torbjørn Jonung, Institutt for kirurgiske fag, tlf.: + 47 55 97 30 63 eller e-post: Torbjorn.Jonung@kir.uib.no (20 % førsteamanuensis stilling) eller Kirurgisk klinikk ved avdelingssjef Janiche Heltne, e-post: janiche.heltne@helse-bergen.no eller overlege Frank Pfeffer, e-post: frank.pfeffer@helse-bergen.no (80 % overlegestilling).

Førsteamanuensis vert løna etter lønsssteg 59 (kode 8020/lønssramme 24.3), i lønsregulativet til staten, for tida kr 472 600 pr. år brutto for heil stilling. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn. Løn som overlege i gastroenterologisk kirurgi etter gjeldande avtale.

Avdeling for gastro- og akutt kirurgi er ein del av Kirurgisk klinikk. Avdelinga har to seksjonar; Øvre gastroenterologisk kirurgi og Colorectal kirurgi med høvesvis 18 og 22 senger. I tillegg har avdelinga ein akutt post på 24 senger. Vi behandlar ca. 5000 inneliggande pasientar, har 4000 polikliniske konsultasjonar og 1300 endoskopiar, 650 elektive- og 1000 akutte operasjonar. Avdelinga har 11 overlegestillingar, 3 LIS stillingar for subspecialisering i gastroenterologisk kirurgi, 1 fordjupningsstilling (D-stilling) og 3 LIS stillingar i rotasjon. Overlegane på avdelinga deltek i avdelingsvis bakvaksordning.

Den som vert tilsett vert knytt til seksjon for colorectal kirurgi. Behandling og forskning innan colorectal kreft er ei prioritert oppgåve ved avdelinga. Ein legg vekt på å vidareutvikle kompetanse innan laparoskopisk colonkirurgi, avansert bekkenkirurgi, endorektal ultralyd og transanal endoskopisk mikrokirurgi (TEM). Eit anna satsingsområde er dysfunksjonar i bekkenbunnen.

Den som vert tilsett må vere villig til å ta kurs, hospitere og få opplæring innan feltet colorectal kirurgi. Vidare ventar ein at den som vert tilsett er villig til å gå inn i dei prosjekta som finnast ved instituttet eller i avdelinga innan forskning og kvalitetssikring.

Den som vert tilsett må ha norsk doktorgrad i medisin eller tilsvarende kompetanse og erfaring i klinisk kirurgisk forskning, spesielt nedre gastro. Det vert vidare kravd dokumentert vitenskapleg kompetanse i samsvar med kompetansekrav for vitenskaplege stillingar ved Det medisinske odontologiske fakultet.

Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervising og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til ei kvar tid og utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Det vil verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvolter i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgd.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søkjarar må nemne dei vitenskaplege arbeida eller delar av arbeida som det skal verte lagt særleg vekt på ved vurderinga. Desse bør ikkje vere fleire enn 10. Søknaden må innehalde oversyn over vedlegg som dokumenterer søkjaren sine pedagogiske kvalifikasjonar.

Send søknad og CV som inneheld fullstendig oversyn over utdanning og tidlegare verksemd elektronisk via lenke på denne sida "Søk stillingen".

Søkjarane må sende inn tre eksemplar av vitenskaplege arbeid - trykte eller utrykte - som dei ynskjer det skal verte teke omsyn til ved vurderinga og ei liste over desse i fire eksemplar med opplysning om kvar dei er offentleggjort. Dei vitenskaplege arbeida skal vere nummererte og sortert i tre like bunkar, og skal saman med fire kopiar av vitnemål og attestar sendast til Institutt for kirurgiske fag, Postboks 7804, 5020 Bergen.

Ein viser elles til "Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetjing i vitenskaplege mellomstillingar".

Søknadsfrist: 27.08.2011

Merk søknaden: 11/2640

Stillingsomtale

Stillinga i gastroenterologisk kirurgi er ei kombinert stilling (100 %) der 20 % av stillinga er mellombels førsteamanuensis inntil tre (3) år ved Institutt for kirurgiske fag og 80 % av stillinga er fast overlege ved Avdeling for gastro- og akutt kirurgi, Kirurgisk klinikk, Haukeland universitetssjukehus (stilling nr: nr 6756/NR ID 12108). Søkjarar må søke begge stillingane.

Arbeidsstaden blir ved Gastroenterologisk avdeling, Sentralklokka 2. etasje, Haukeland universitetssjukehus.

Den som vert tilsett har plikt til å ta del i undervising og eksamensavvikling ved instituttet i dei studieprogram og etter dei studieordningar som til ei kvar tid gjeld.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett også verte pålagt undervising, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som vert tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Det vil bli lagt vekt på erfaring innan klinisk kirurgisk forskning, spesielt nedre gastro. Det vil vidare bli lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Universitetsstyret understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervising
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisingskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervising, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Den som vert tilsett må rette seg etter det regelverket som til ei kvar tid gjeld for stillinga. Stillingsinnehavar må og på førespurnad eventuelt delta i instituttet sine styringsorgan, utval og anna arbeid.

Tilsetjing skjer på grunnlag av vurdering av vitenskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande myndigheit inkludert intervju og eventuell prøving av dugleik i undervisinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: